SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Nina Erdal	**Arkivkode**: FE-200, TI-&14
Arkivsaksnr: 21/281	**Løpenr**: 21/4068
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	27.05.2021	029/2021
Kommunestyret	10.06.2021	044/2021

Finansrapportering 1.tertial 2021

10.06.2021 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:
Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

KS- 044/2021 Vedtak:
Finansrapportering for 1.tertial 2021 vert tatt til orientering.

27.05.2021 Formannskapet:
Handsaming i møtet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 029/2021 Vedtak:
Finansrapportering for 1.tertial 2021 vert tatt til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Finansrapportering for 1.tertial 2021 vert tatt til orientering.

Dokument som ikkje er vedlagt:
Reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Samnanger kommune.

Kva saka gjeld:
I samsvar med reglement for finans- og gjeldsforvaltning vert det lagt fram ein rapport som viser status for forvaltning av ledig kapital, aksjar og oversikt over lån og låneopptak. Gjeldande reglement vart vedtatt av Kommunestyret 30.juni 2016. Det må vedtakast eit nytt reglement som er i samsvar med ny kommunelov.

Innskot og aksjar:

- Renta i Sparebanken Vest (SPV) og DNB er pr april 0, % på driftskonto. På skattetrekkskontoen er renta 0,25 %. På særvilkårskonto har me inngått avtale om 3 md Nibor – 0,05 %, for tida 0,26 %.

- Pengemarknadsfondet "Pluss-fondet" hadde pr. 31.12.20 ein verdi på kr 273 719,11. Pr april har fondet hatt ei avkastning på 0,29 % hittil i år og 1,05 % siste 12 md.
- Totalt er det 43 mnok disponibelt på konti og kommunen har god likviditet.

	31.12.2019		**31.12.2020**		**30.04.2021**	
	MNOK	%	MNOK	%	MNOK	%
Innskot i SPV (driftskonto)	14,05	26 %	1,01	2 %	4,34	10 %
Innskot i SPV (fondskonto)	37,74	71 %	38,50	89 %	36,00	83 %
Innskot i DNB	1,40	3 %	3,30	8 %	2,79	6 %
Pengemarknadsfond:						
Pluss – fondene	0,27	1 %	0,27	1 %	0,28	1 %
Samla kortsiktig likviditet	**53,45**	**100 %**	**43,08**	**100 %**	**43,41**	**100 %**
	Mill NOK	**Gevinst/tap**	Mill NOK	**Gevinst/tap**	Mill NOK	**Gevinst/tap**
Aksjefond	-	-	-	-	-	-
Tidsinnskot						

Lån- og rentevilkår:

- Det er vedtatt å ta opp eit lån i 2021 på 23 mnok til finansiering av investering i vatn, avløp (VA), bygg og veg. Me ventar med låneopptaket til etter at tilskot frå Husbanken til Skottabakken bufellesskap er betalt ut. Tilskotet er 3,97 mnok høgare enn budsjettert og kan nyttast til å redusera låneopptaket. Dette vil me koma tilbake til.
- Byggjelånet på 10,486 mnok vil bli betalt så snart byggjerekneskapen er godkjent og Husbanken har betalt ut tilskot.
- Renta på lån er no på 1,05 % på lånegjeld i KLP og Kommunalbanken som ikkje har bunde rente. Styringsrenta i Norges bank er framleis på 0 %. Det er forventa renteauke hausten 2021, men det er framleis knytt ein del usikkerheit til når dette vil skje.
- Kommunen har no 42 % av lånegjelda med bunden rente. I økonomirapporteringa pr mars 2021 vart det sett av kr 200 000 til å auka opp del av lånegjeld som har bunde renta. Avgjerda vart tatt for å sikre foutsigbarheit. Dette vil kome på plass før sommaren.

	31.12.2019		**31.12.2020**		**30.04.2021**	
	MNOK	%	MNOK	%	MNOK	%
Lån med pt rente	86,09	34 %	150,21	58 %	148,85	58 %
Lån med NIBOR-basert rente						
Lån med fast rente	167,07	66 %	110,22	42,32 %	109,56	42,40 %
Finansiell leasing						
Samla langsiktig gjeld	**253,16**	**100 %**	**260,44**	**100 %**	**258,41**	**100 %**
Tal løpande enkeltlån	20		22		22	
Største enkeltlån	58 MNOK		56 MNOK		56 MNOK	
Rentevilkår:						
KLP: flytande	2,16 %		0,90 %		1,05 %	
fast	1,83 %		1,83 %		-	
Kommunalbanken: flytande	2,40 %		0,90 %		1,05 %	
fast	2,25 - 2,47 %		2,25 - 2,43 %		2,25 - 2,47 %	
Husbanken: flytande	1,88 %		0,80 %		0,80 %	
fast	2,40 %		2,40 %		2,40 %	